

## Rådgjevande krav til dugnadsinnsats i Florø SK Handball

Ref A: NIF Dugnad - en veileder

### 1. Bakgrunn

Då grunnlaget for klubben si verksemd er basert på dugnad har Florø SK Handball utvikla eit forslag til «rådgjevande krav til dugnadsinnsats» basert på retningslinjene til NIF iht ref A.

### 2. Drøfting

Dugnadsvett – nokre enkle køyrereglar (ekstrakt iht ref A):

- a. Dugnad er frivillig og skal stå i eit rimelig forhold til medlemmane si faktiske evne til å bidra.
- b. Idrettslaget kan ikkje pålegge ikkje-medlemmer (for eksempel foreldre) å stille på dugnad.
- c. Idrettslaget kan bestemme at enkeltmedlem som deltek på dugnad får ein rimelig reduksjon i kontingent og/eller avgift..
- d. Idrettslaget kan ikkje ilegge «bøter» eller pålegge medlemmane å betale «dugnadsavgift» for manglande deltaking på dugnad.

### 3. Forslag

- a. Minst 8 timar dugnad per år bak kvart barn opp til og med ni år.
- b. 12 timar for barn frå 10 til 12 år.
- c. 25 (18) timar for barn frå 12 til og med 15 år.
- d. 45 (25) timar for ungdom/vaksne frå 16 år og oppover.
- e. Tillegg
  - i. I tillegg kjem minst 30 timar ekstra bak dei som kvalifiserer seg til lag for NM, Bring og Lerøy-seriane. Men dette vert dugnad for eige lag. Vi føreset at spelar- og foreldregruppa aksepterer dette om det skal vere aktuelt å melde laga på til dei landsdekkande turneringane.

### 4. Utdjuping og implementering

#### a. Utdjuping

- i. Dugnad er her definert som alt arbeid for klubben, unnateke køyring som vi føreset vert fordelt nokolunde jamt mellom foreldra.
- ii. Rekna som dugnad vert då:
  1. Trenaroppgåver for yngre lag.
  2. Tid brukt på arrangement:
    - a. Som kiosk, sekretariat og vertskap under kamphelger, handballskular og turneringar som Vestkystcup og liknande
    - b. I. Det same gjeld også gratis dømming i turneringar/miniturneringar som ikkje vert honorerte på anna måte.
  3. Dugnad er også alt anna arbeid utført til inntekt for klubben.

#### b. Norm

- i. Ei slik norm kan vere grei å ha i klubben fordi den fortel foreldre og andre føresette kva som vert venta av dei i tid brukt til dugnadsarbeid for klubben.
- ii. Eit anna mål er å få fordele meir på bidraga til drift, økonomi og vidare utvikling av gruppa.

#### c. Forventingar

Forventingane er progressive og tilpassa at dei gruppene som kostar mest også skal tilby mest tilbake.

**d. Implementering**

- i. For at dette skal fungere som eit greitt verktøy i klubben, vil det vere eit vilkår at foreldrekontaktene grovt held styr på korleis dugnadsinnsatsen fordeler seg i foreldregruppene.
- ii. Men norma må brukast med vit og kan ikkje praktiserast stivbeint som krav. Der vil alltid finnast gode grunnar til at spelarar og føresette ikkje har høve til å fylle dugnadskvoten.